



"Bibelen i bilder" er eit banebrytande prosjekt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Den pensjonist som ikkje har noko meningsfylt arbeid å gå til, har det trist. Det er bildeprosjektet som held meg i live!**

Denne erklæringa er det Gunnar Kjærland (83) som kjem med. På papiret er misjonæren i Uskedalen pensjonist, men i praksis er han framleis i full aktivitet.

– Eg har enno mykje upublisert material liggjande, seier Gunnar som har eit imponerende livsverk bak seg: Han har lært verdas analfabetar bibelhistoria – til no i 27 land og gjennom bildeprosjektet 'Bibelen i bilder'. Her blir bibelhistoria fortald gjennom 104 store, talande fargebilete. Akkurat no gler han seg over at ei oversetting til swahili er klår – det opnar for intensivt misjonsarbeid i mange land i Afrika.

Gunnar er fødd i Haugesund, men faren John var som namnet fortel frå Uskedalen. Han drog til Amerika, men kom att etter fem år og busette seg i Haugesund. I 1936 overtok han garden her i dalen, men pakta den bort til i 1940. Då flytta han heim.

Gunnar budde i Haugesund til han var 17, men han var heime eitpar år under krigen og dreiv då mellom anna med skogsarbeid.

- Når vart du ein kristen?

- Spiren vart sådd under krigen. Eg var 12 år og gjekk på sundagsskulen. Ein søndag hørde eg ei forteljing som eg ikkje gløymde – den om Livingstone. Etter krigen gjekk eg Fjellhaug Misjonsskole og i 1952 reiste eg ut, fortel Gunnar, som tilsaman har vore i teneste ute i verda i 35 år for Norsk Luthersk Misjonssamband.

Av dei har han vore 30 år i Afrika og medgjer at hjarta hans framleis er hos Borana-nomadane i Etiopia. Han har også eit antropolog-hjarta! I dei tre åra frå 1985 til 1988 budde han saman med stamma og dette var dei finaste åra han har hatt som misjonær.

Boranarane er ikkje opptekne av tid, alt handla om grunnleggjande behov.

Kona Edith er uskedeling og dei to kom heim og busette seg i dalen i 1992. Huset dei bur i er bygt av svigerfaren til Gunnar.

- Det var vel ikkje så heilt lett å omstillast frå Afrika til Uskedalen?

- Nei, det var det eigentleg ikkje, men eg hadde nokon kjekke vener i bygda og det var ikkje problematisk å komma inn og kjenne seg heime her.

På den andre sida hadde eg jo også lyst til å halda fram saman med nomadefolket og det var godt å komma attende til dei i år 2000.

Mellom anna var det godt å sjå kyrkja i landsbyen. Ho skilde seg ikkje ut frå dei andre grashyttene på noko anna vis enn at ho hadde ein trekross på toppen. For meg var ho mykje flottare enn eit firkanta, kalka hus!

- Men korleis feira de jula der nede?

- Vi prøvde å laga ei norsk jul, sjølv om tilhøva var noko annleis enn her heime: Vi budde i eit jordhus, hadde ikkje bilar og fekk tilfeldig post en gong kvar tredje månad. Men vi fann ein liten busk som var juletre, las juleevangeliet og laga boller som vi tok med ned til menigheitshuset, fortel Gunnar.

Han medgjer at det var heller traumatisk for Edith og han å bli plassert i ein nomadestamme, der nesten ingen kunne lese. Boranafolket var nesten heilt isolerte og såg sjeldan andre misjonærar. Til dømes tok det fleire år før dei fekk besøk av tilsynsmannen. Då Gunnar drog ut i oppdrag, kunne kona aldri veta når han ville vera attende. Ein tur som skulle ta to veker, kunne ta seks eller sju i eit område som var uten vegar. Då dei kom heimatt til Noreg etter fem-seks år hadde dei ikkje dei store resultatata å skilta med: Berre eitpar var blitt døypt. Og då dei kom attende etter den andre perioden, hadde Gunnar ein ide: Det måtte finnast ein eller annen nøkkel til å nå sjølv analfabetar med evangeliet. Han las mykje, til dømes ei bok som heitte 'Guds broer' og som var skreve av amerikanaren Donald McGavran. Gunnar tok kontakt med han og svaret var klårt: - Kom til Amerika, som skal eg hjelpe deg!

Og hjelp fekk han – i Los Angeles, både av Donald McGavran og professor i antropologi Alan Tippett. Arbeidet i USA enda opp i ei avhandling om å byggja opp menigheiter i nomadiske samfunn. Svaret var å finna i elementer frå nomadane sitt eige liv og eigen kultur. Og den munnlege oververinga var sjølve nøkkelen: Boranafolket overleverte historia si frå slektsledd til slektsledd i ordna sekvensar. Med desse som hjelp kunne dei føre historia si over fem hundre år attende utan noko skriftleg material.

Kjærland enda opp med over 600 sider med registreringar av Borana-kulturen.

Ideen som slo ned i Gunnar etter desse observasjonane var å nytta sekvensar og bilete.

Han plukka ut dei store hendingane i Bibelen og laga bilete av dei. Han fekk ein amerikansk doktorgrad på arbeidet, men vil helst ikkje ha nokon blest om det.

Gunnars ide bygde på det han visste om kulturen til eit lite folk i ein avsidesliggjande del av kjempelandet Etiopia. Men ein tredjedel av dei som bur på denne kloden er analfabetar og mange misjonærer arbeider mellom folk som ikkje kan lesa. Så vende den eine misjonæren etter den andre seg til Gunnar for å nytte bileta. Og etter kvart er dei teke i bruk i stadig fleire land.

I praksis skjer opplæringa ved at ein tek for seg bilete etter bilete og knytter bibelhistoria til dei, Og på tre år kjem dei igjennom heile serien.

Men 'Bibelen i bilder' kan sjølv sagt også nyttast av andre enn misjonærar i opplæring av analfabetar – stikkord her er sundagsskolen, skulen, konfirmantopplæring, foreningsarbeid, barnelag – og heime!

Kjærland byrja med 40 bilete, men det kom snart ynskje om fleire. Italianaren som hadde teikna dei første var død, men Kjærland fekk brodottera si til å teikna 64 nye i same stilen o den komplette serien har 52 bilete frå det gamle testamentet og 52 frå det nye.

Kjærland har laga ein tekst til kvart bilete. Tekstane er samla i ei bok som kjem på stadig fleire språk..

Av Ola Matti Mathisen